



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin biskop

Prosten i Nordhordland  
Lonsvegen 1  
5914 ISDALSTØ

Dato: 09.01.2017

Vår ref: 17/00410-2

Dykkar ref:

## Gudstenesteforordning for Nordhordland prosti

Saman vil vi ære den treeinige Gud, difor samlast vi til gudsteneste på Herrens dag. Vi møter den oppstadne Jesus Kristus når Ordet vert forkynt og sakramenta forvalta og svarar med salmar, bønner og fellesskap.

Gudstenester er det viktigaste i kyrkja, difor har biskopen sett i gang arbeidet med å oppdatera gudstenesteforordningane. Dei gamle gudstenesteforordningane tok utgangspunkt i prestegjeldet som tidlegare var tenesteområdet for prestane, no må ein ta utgangspunkt i fellesrådsområdet og prostiet.

Det har vore eit grundig arbeid for å finna fram til ei god fordeling. Biskopen har mottatt framlegg frå prosten i Nordhordland om ny gudstenesteforordning for prostiet, dagsett 20.09.2016, 6.12.2016 og 4.01.2017 som svar på biskopen sitt brev av 18.11.2015. Framlegget har vore på høyring i alle fellesråd og sokneråd og det er tatt omsyn til at det vert tre prestestillingar i Solund, Gulen og Masfjorden frå 1. august 2017.

Forordninga er heimla i tenesteordning for biskopar:

*§ 3. Biskopen forordner gudstjenester i bispedømmets sokn og beslutter hvor mange gudstjenester det skal holdes i den enkelte kirke eller annet gudstjenestested.*

Forordninga utløyer finansiering, jfr Kyrkelova § 15. «Kommunens økonomiske ansvar.»:  
*3. avsn: Utgiftsdekningen skal gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstjenester biskopen forordner,...*

Biskopen i Bjørgvin forordnar fylgjande tal på kyrkjelydane sine hovudgudstenester på søndagar og heilagdagane:

Solund kyrkje	25
Husøy kyrkje	15
Hersvik kyrkje	5
Gulen kyrkje	19
Brekke kyrkje	18
Mjømna kyrkje	15
Byrknes bedehusapel	3
Sandnes kyrkje	15
Frøyset kyrkje	15
Solheim kyrkje	15
Granneheimen	3
Fjon fjellkyrkje	2
<i>(Totalt i Solund, Gulen og Masfjorden 150)</i>	
Mo kyrkje	14
Vike kyrkje	5
Ostereidet kyrkje	32
Hjelmås kyrkje	12
Hundvin kyrkje	13
Myking kyrkje	13
Lindås kyrkje	26
Knarvik kyrkje	65
Alversund kyrkje	14
Seim kyrkje	18
Lygra kyrkje	5
Fedje kyrkje	20
Austrheim kyrkje	30
Emigrantkyrkja	2
Hordabø kyrkje	16
Sæbø kyrkje	16
Manger kyrkje	36
<i>(Totalt i Radøy 70)</i>	
Meland kyrkje	65
Totalt i prostiet	552

Det skal lagast lokal ordning for kva kyrkjer som får gudsteneste på helgedagar, og Knarvik, Meland, Manger, Austrheim, Lindås, Ostereidet, Sandnes, Gulen og Solund kyrkjer skal i alle høve alltid ha gudsteneste på førstedagane.

Forordninga bestemmer ikkje klokkeslett for gudstenesta og inntil to gonger kvart halvår kan ei forordna gudsteneste leggest til ein kvardag.

Når det nokre gonger vil vera naudsynt med fleire gudstenester i same kyrkje same dag (t.d. ved dåps-, konfirmasjons- og julekveldsgudstenester) skal ikkje desse ekstragudstenestene reknast som eigne forordna gudstenester.

Forordninga er ei minimumsforordning og det er ikkje noko i vege for å ha såkalla «andre gudstenester» som soknerådet eller presten tek initiativ til for å få eit rikare gudstenestetilbod enn det som dei forordna gudstenestene kan gje. Dette kan og vera gudstenester ved lek gudstenesteleiarar, til dømes på julekvelden eller 17. mai.

Dette kan meldast til prestane, sokneråda, fellesråda og kommunane.

Med helsing

Halvor Nordhaug  
biskop

Tore Skjæveland  
kyrkjefagsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Mottakere:  
Prosten i Nordhordland

Lonsvegen 1

5914 ISDALSTØ